

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Terje Søviknes (FRP) sette på vegner av FRP, H fram slikt forslag:

«Alternativ

Fylkestinget finn ikkje økonomisk rom for å setje i verk tiltaket Kulturkort for ungdom».

Avrøysting

Innstillinga vart vedteke som innstilling til fylkestinet mot 6 røyster (FRP, H, FNB) for Søviknes sitt forslag.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget erkjenner utfordringa med at for få born og unge gjer seg nytte av kulturtildoda som eksisterer i heile Vestland fylke. Dette gjeld særleg born og unge som kanskje aller mest hadde hatt nytte av vakre og rike kulturopplevelsingar. Barrierane for deltaking er mange. Økonomi er alltid ei sentral barriere, men også kjensla av manglande relevans, kjennskap og nærliek kan vera slike. Det er ei politisk oppgåve og ei oppgåve for kulturinstitusjonane å senka terskelen for deltaking for barn og unge. Difor er det riktig og viktig at Vestland fylkeskommune gjennomfører tiltak som bidreg til publikumsutvikling retta mot born og unge.
2. Fylkestinget meiner at eit kulturkort for unge kan bidra til at fleire born og unge deltek i kulturlivet. Kostnaden for eit effektivt kulturkort er likevel høg, og fylkestinget meiner difor at ein bør sjå på andre tiltak som kan få same eller høgare effekt til ein lågare kostnad. Eit slikt tiltak kan vera ein kulturrabatt for unge, slik ein har i Møre og Romsdal fylkeskommune. Hovudutval for kultur, idrett og integrering får i oppgåve å arbeida vidare med korleis terskelen for deltaking i kulturlivet for barn og unge kan senkast.
3. Mål og strategi for å senka terskelen til deltaking for born og unge i kultur og idrett vert teke med i arbeidet med ein ny regional plan for kultur, idrett og integrering